



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Komite for næring, kultur og idrett
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	24.01.2019
<b>Tid:</b>	15:00 – 16:15

---

### Medlemer som møtte:

Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP

---

### Forfall:

Stig Arne Helsem Sævik	LEDER	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Gerd Kopperstad	MEDL	AP

---

### Varamedlemer som møtte:

Ove Stenersen	Janne-Katrin Hansen Sævik	FRP
Joakim Eiksund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Leiv Aarflot	Gerd Kopperstad	AP

---

### Andre:

Avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn

Nestleiar Knut Johan Voldsund leiar møte i leiar Stig Arne Helsem Sævik sitt fråvær.

Til å skrive under protokollen saman med nestleiararen vart desse valde:  
Henry Jøsokbakke og Hilde Marie Brungot

---

underskrifter

Henry Jøsokbakke

Knut Johan Voldsund  
nestleiar

Hilde Marie Brungot

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Protokoll frå førre møte
PS 3/19	Referatsaker
PS 4/19	Samanslåing av Stiftinga Sunnmøre Museum og Stiftinga Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal
PS 5/19	Søknad om RDA-midler - Moltustranda idrettslag - endring av søknad
PS 6/19	Søknad om kulturmidlar - underskotsgaranti, Herøy Janitsjar
PS 7/19	Søknad om RDA-midler - Vågsholmen utvikling as
PS 8/19	U.off. § 13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond - Pilskog 2017

## **Referatsaker**

- RS 1/19 Kommunedelplan for Helse og omsorg - utlegging til offentlig ettersyn
- RS 2/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 24.01.2018
- RS 3/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 21.03.2018.
- RS 4/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.
- RS 5/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018.
- RS 6/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 18.06.2018.
- RS 7/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.
- RS 8/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 21.11.2018.
- RS 9/19 Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker

## **Referatsaker**

- RS 1/19 Kommunedelplan for Helse og omsorg - utlegging til offentlig ettersyn
- PS 8/19 U.off. § 13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond - Pilskog 2017
- Referatsaker
- RS 2/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 24.01.2018
- RS 3/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 21.03.2018.
- RS 4/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.
- RS 5/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018.
- RS 6/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 18.06.2018.
- RS 7/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.
- RS 8/19 Referat frå møte i ungdomsrådet 21.11.2018.
- RS 9/19 Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker

## **PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 2/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 3/19 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 4/19 SAMANSLÅING AV STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM OG STIFTINGA FOLKEMUSIKKARKIVET FOR MØRE OG ROMSDAL**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 24.01.2019**

Som ein av stiftarane av Stiftinga Sunnmøre Museum gir Herøy kommunestyre si støtte til at stiftingane Sunnmøre Museum og Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal vert slått saman.

## **PS 5/19 SØKNAD OM RDA-MIDLAR - MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG - ENDRING AV SØKNAD**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 24.01.2019**

Komite for næring kultur og idrett vedtek at tidlegare tildelte RDA midler til Moltustranda IL (KN-sak 20/17 – kr 650.000) til kunstgrasbane, kan omdisponerast til frifotanlegg ihht ønske i e-post frå idrettslaget.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

### **Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering**

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

### **Kontroll**

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

### **Feil bruk av midlane**

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

## **PS 6/19 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - UNDERSKOTSGARANTI, HERØY JANITSJAR**

### **Møtebehandling:**

Leiv Aarflot reiste sitt habilitetsspørsmål. Han har skrivne søknaden frå Herøy janitsjar som ligg føre. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Leiv Aarflot vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl § 6 bokstav a.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 24.01.2019**

1. Herøy Janitsjar får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 15 000 til konsert i Fosnavåg konserthus den 30.mars 2019.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

## **PS 7/19 SØKNAD OM RDA-MIDLAR - VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 24.01.2019**

Komite for næring kultur og idrett løyvet eit tilskot på kr. 1.500.000,-. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur/byutvikling i tidlegare RDA Handlingsplanar, mål 1.b, 1.c og 2.a.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2021. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

## **PS 8/19 U.OFF. § 13 - TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - PILSKOG 2017**

### **Møtebehandling:**

Knut Johan Voldsund (Frp), Hilde Marie Brungot (H) og Henry Jøsokbakke (V) kom framlegg om slik endring i rådmannen si tilråding:

1. avsnitt: «... tilskot på inntil kr. 60.000,-.»
4. avsnitt: «Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2020.»

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget frå Knut Johan Voldsund, Hilde Marie Brungot og Henry Jøsokbakke, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 24.01.2019**

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil kr. 60.000,- frå det kommunale næringsfondet til Pilskog 2017 til utvikling av prototype for automatisert filmsystem for naturfilm/ -foto.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.



Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2020. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

**Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.**

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

**MØTET SLUTT!**